



Illustrasjon: S. Skjermund

Foto: Esther Moe

Foto: Oda Torbjørnsen

Suldalsposten

Onsdag 28. mai 2025 Årgang 50 nr 14



Klare for Ryfylkedagane

Side 9

Ein del av gjengen som ønskjer velkommen til Ryfylkedagane til helga.

Foto: Oda Torbjørnsen

» leiar

Når sølvtøyet skal brukast

Ein treng ikkje vera kroppsspråk-ekspert for å sjå at Senterpartiets levekårutvalsleiar ikkje akkurat stor-trivst der han står i ringen av partifeller som snart skal gå inn igjen og stemma over den svært omdiskuterte saka. Han skal gå på tvers av resten av partigruppa si og stemma mot skyss-tilskotet til familien i Vanvik som over natta mista barnehagetilbodet i grenda. Det handlar ikkje berre om pengar; saka er tilsynelatande forbunden med Senterpartiets sjel; suta for utkantane i utkanten, sjølv blikket for grendene og kva folk der strevar med.

Bjørkland skal bli det eine grammet på vekta som vippar nåla over på nei, og sjølv sagt er det ein situasjon som nok kjennest der ein står.

For det å gå i mot ein fellesskap ein er del av, er inga enkel øving i eit tett bygdesamfunn som vårt.

Magne Langeland på Nesflaten, tidlegare gruppeleiar i Senterpartiet, snakka ikkje rundt grauten under folkemøtet om skule- og barnehageframtida. Han sa rett ut at det er vanskeleg å stå fram med synspunkt som blir oppfatta som negative for grenda ein sjølv bur i debattar som den om skulestruktur.

Det heiter meinings mot av ein grunn. Og jo mindre og tettare samfunn og fellesskap me lever i, jo meir mot ser det ut til å krevja når ein skal forfekta eit syn som går på tvers av fleirtalet eller av dei mest toneangivande aktørane.

Sanksjonane vil vera finstemte, men kjennest på kropp og sjel for den som er utsett for ei litt kjølegare skulder enn før i sitt eige fellesskap eller for den som opplever seg som å vera til-lagt verdiar (eller manglande slike) som følgje av ei meining.

Problemet oppstår gjerne når eitt synspunkt blir framsnakka som det einaste saliggjerande og det sikre teiknet på godt hjartelag og andre gode verdiar. Brått er dermed folk som tenkjer annleis kaldhjarta bygdedreparar, og det stempelet er ikkje særleg attraktivt å pådra seg.

Kuler vil gå varme i debatt-tida som kjem, og det skulle berre mangla. Men ordskiftet om framtidens skule- og barnehagestruktur handlar om nettopp det, og den enkelte må få framføra sine standpunkt og resonnement utan å bli vurdert på grad av hjartevarme eller grendekjærleik. Uansett kva ein meiner.

Esther Moe
redaktør



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Pressens Faglige utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. Organet, som har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå allmenta, behandlar klager mot pressa i presse-etiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn.) Adresse: Prinsensgt. 1, PB 46, 0101 Oslo. Tlf. 22 41 56 80. Faks: 22 41 19 80.

Barnehageskyss-tilskot: Senterparti-representanta



Senterpartiet si gruppe er ikkje samde om det omstridde skyss-tilskotet. Lars Arne Bjørkland (i midten) stemte med Ap, KrF og SV og dermed blei det nei med ei stemmes overvekt i sist vekaes kommunestyremøte. Her frå Senterpartiets gruppemøte før voteringa.

Senterpartiets gruppe er ikkje samde om det omstridde skyss-tilskotet til ein familie i Vanvik, og torsdag enda voterin-ga i kommunestyret på nei med knappast mogleg fleirtal.

Esther Moe

– I dag hadde det vore greitt med partipisk, men det har me ikkje i Senterpartiet, sa Åsmund Bakka (Sp) etter gruppemøtet før voteringa etter endå ein runde debatt.

Ser begge sider av saka

Kvilldølen sa sjølv at han har vore i tvil om sitt standpunkt, og at han forstår partifelle og leiar i levekårsutvalet Lars Arne Bjørkland (Sp).

Bjørkland meiner ikkje det er nokon god idé å gå for eit ekstraordinært og tidsavgrensa skyss-tilskot til ein familie på Hylsstronda som har fått eit logistisk problem når barnehagen i grenda stenger.

Bakka sa han ser begge sider av saka, men enda sjølv torsdag med å stemma for fellesforslaget frå Venstre og Høgre som også hadde støtte frå Senterpartiet i formannskapet.

– Det sokk i meg

– Eg plar sjekka Suldalsposten når eg vaknar. Då eg såg overskrifta i dag tidleg om folketalet i Suldal og at me går mest tilbake i fylket, sokk det i meg. Så eg stemmer for formannskapet si innstilling.

Det gjorde også Høgre, Venstre og Senterpartiet, med unnatak av Lars Arne Bjørkland, som stemte for kommunedirektørens forslag om ikkje å gjera det og som blei fremja av SVs Reidar Sand.

Det gjorde også Ap, KrF og SV og dermed fekk det ti stemmer og fleirtal etter ein debatt som engasjerer dei folkevalde sterkt.

» sagt

» – Me var øvegidda på at det ikkje var sett på skyss-ordning i 2023, me vil ha folk i grendene, levande bygdesamfunn og arbeidsplassar rundt om.

Dag Fisketjøn, (V)

» Eg ser i innstillinga frå kommunedirektøren nemner barns beste. Kven har fasiten på kva det er?

Øystein Wigestrang (Sp)

» Me legg ned, det skaper utfordringar for ein familie; det kunne vore fleire. Det skulle berre mangla at me brukte nokre kroner i ein avgrensa periode som kan hjelpa dei berørte.

Åshild Vetthus (Sp)

» Det handlar om å strekkja ut ei hand utan å laga ei ny ordning.

*Olav Lindseth (V)**

» Barns beste er eit overordna prinsipp. Men me manglar modellar for korleis dette skal vektast i kommunal saksutgreiing, det hamnar fort i subjektive vurderingar.

Olav Lindseth (V)

» Dette handlar om skyss tre dagar i veka, og det vil me kompensera med 85 000 kroner, mens me også har hatt ein familie på Sand som fekk barnehagetilbod på Ropeidhalvøya.

Kristine Bøe Berge (Ap) drog samanlikningar

» Eg forventar at kommunedirektøren gir oss råd. Når me sender ei sak tilbake, treng me råd for å få det til.

Sverre Underbakke (H)

ant syttte for nei-fleirtal



– Ein lærer av feil, og eg håper kommunedirektøren også gjer det

Venstres Olav Lindseth nytta debatten torsdag til å gi uttrykk for misnøye med oppvekstsjefens ordval i den omstridde skyss-saka.

Esther Moe

Det var under eit levekårsutvalsmøte at kommunalsjef for oppvekst, Svein Carlos Gjil sa til dei folkevalde at uansett om dei sende skyss-saka tilbake, ville samme innstilling komma frå administrasjonen. Saka har vore fram og tilbake mellom politikarane og administrasjonen fleire gonger.

– Ville brukt andre ord

– Me har full rett til å senda saka tilbake, og eg kan berre seia at eg ville brukt andre ord. Tenka det, meina det, men å seia det, kommenterte Lindseth frå Venstre, som altså var partiet som i levekårsutvalet sist fremja forslaget om å gi 85 000 kroner i skyss.

Han forsvarte torsdag avgjerda om å leggja ned barnehagen i Vanvik, men meiner det er feil at det ikkje samstundes kom avbøtande tiltak for dei som blir ramma av nedlegginga.

Suldal er sjølv ein utkant

– Det bør også prioriterast å bruka nokre kroner på grenene ytst i kommunen, Suldal er sjølv ein utkant, kommenterte nesbuen, som også minna om at Suldal også investerer stort i mykje som ikkje er lovpålagde oppgåver. Eitt av argumenta motstandarane av skyss-tilskotet har brukt mot det.

Reidar Sand frå SV tok administrasjonen i forsvor.

– Det er ryddig å seia at sjølv om saka blir sendt tilbake,



Olav Lindseth (V) tok ein "Erna" og kritiserte administrasjonen for ordvala i den omstridde skyss-saka under kommunestyrets møte torsdag.

vil ikkje den faglege vurderinga bli endra.

Det tok Lindseth replikk på.

– Det er heilt greitt, men det står ingenting om "fagleg vurdering" i sitatet han er gjengitt på.

notisar

Uheldig turist

Politileiar Fredrik Alvestad melder om ei roleg nasjonaldags-feiring i heile politidistriktet. Han har berre ei hending frå Suldal å melda om frå loggen. Tysdag sist veke fekk politiet melding frå ein nederlandsk turist om at ein fransk turist mest truleg hadde pådrege seg eit beinbrot. Meldinga blei meldt inn frå Gullingvegen, og AMK (Akutt-medisinsk Kommunikasjonssentral) overtok oppdraget.



Det blir bygdebok-lansering over sommaren

Lokalhistorikar og bygdebokskrivar Ernst Berge Dranges neste bok om gamle Suldal er i siste innspurt, men det blir ikkje lansering i juni, som planen opprinneleg var. Boka om gardar, folk, landskap og kulturhistorie i Suldalsdalføret blir lansert over sommaren, og i skrivande stund blir siste korrekturhand lagt på verket, fortel forfattaren.

Målet er å riva Meieriet i juni

I tysdagens møte i lmt-utvalet ville Stian Ollila (Ap) ha meir informasjon om framdrift og status når det gjeld riving av meieri-bygget på Sand. Kommunalsjef for næring og utvikling, Øyvind Stueland kunne svara at arbeidet har vore lyst ut på anbod, og tre tilbod frå store og seriøse aktørar er komne inn. Målet er å starta rivinga i juni og å vera ferdig i løpet av juli. Området blir så grusa og det skal bli plassert ut sitjegrupper. Ein vil også prøva å få til ulike aktiviteter, og planen er at området i første omgang skal bli ein stad der folk kan møtast.

på tråden

50 kroner hadde vore nok

– Eg trur dokken bommar litt med 125 kroner per person på Ryfylkedagane. 50 kroner hadde vore nok. La det vera ein festival som viser at ting går an utan voldsomme prisar. Her ska jo mange generasjonar treffa kvarandre, så ikkje skrem folk vekk med slike inngangspengar. Kjør heller på med lotteri i inngangen, det vil folk setja pris på. Ein av premiane kan vera at Suldal kommune sponsar eitt år med gratis bading i vakre Suldal bad. Lag ro-konkurranse på sjøen, som premie kan vera någe te båt som også Suldal kommune kan sponsa. Uansett; eg gleder meg te dagane på Sand, skriv hyttesuldøl Ove Mæle

Kerstin og Bonolo skal drive gruvekaféen

Det blir Sauda-Suldal-samarbeid på gruvekaféen i Allmannajuvet i sommer. Då inngår nemleg saudabu Kerstin Geelmuyden Rød eit samarbeid med Bonolo Ramphomane Aandahl som til dagleg driv kaffebrenneri på Sand. () – Eg hadde hatt litt kontakt med Bonolo på Sand, og snakka med ho om dette. Då ho foreslo at

dette var noko vi kunne gjere saman, kjentest det rett. Vi er ganske like, og driv begge liknande bedrifter, så vi trur dette kan bli både lærerikt og bra, fortel Geelmuyden Rød til Ryfylke. () – Vi tenker så det knakar no. Vi vil ha noko varm mat, gjerne noko litt tradisjonelt eller «gruvete», kanskje komler?

Ryfylke

Her blir det osteproduksjon i sommer

Petar Vasilev Trichkov, daglig leder i Røldal Geitostysteri AS, sier de vil starte opp med osteproduksjon igjen i løpet av juni måned. Det er 12 år siden bulgarske Trichkov overtok driften av ysteriet ved Liamyrane. Han er fremdeles bosatt på Karmøy, men tar turen til Røldal på produksjonsdager, og

er der mye spesielt på sommeren. () – I sommer kommer vi derfor til å lage geitost, fersk hvitost, samt feta, opplyser Trichkov. () Han sier de har inngått sentralavtale med Norgesgruppen på dette produktet.

Hardanger Folkeblad

- Eit eksperiment med liv og helse

Interessegruppa La Sandsfjorden leva reagerer sterkt etter støvnedfall frå Mibau Stema nyleg og klagar til Fylkeslegen og Statsforvaltaren i Rogaland etter to støvfylte dagar ved fjorden.

Esther Moe

La Sandsfjorden leva har sjølv dokumentert at støvet dei viser til er kreftframkallande kvartsstøv i to separate brev som gjeld høvesvis 15. og 17. mai.

Kopi til Suldal kommune

“At Fylkeslegen let Europas største steinbrot halda fram med praksisen der dei ikkje fjernar støv og masse før dei sprenger, er eit eksperiment med liva og helsa til menneska som blir utsette for dette”, heiter det i den eine brevet som gjeld støvska som 15.mai oppstod i samband med sprenging på Mibau Stema på føremiddagen.

“Det gjekk frykteleg gale då Mibau Stema Norge as avdeling Jelsa sprengde. Mibau Stema hadde ikkje samla opp det kreftframkallande kvartsstøvet før dei sprengde og vinden tok ei stor støvsky med seg innover grendene der det bur menneske”, heiter det i brevet som er



Dette bildet er tatt 17. mai då det også kom inn store mengder støv over Høyik. Foto: La Sandsfjorden leva

signert styret i gruppa, der Gerd Kristin Høivik er leiar.

Støvete nasjonaldag

Men også 17. mai blei støvfylt. I klagen stila til Statsforvaltaren beskriv gruppa korleis vindkast tok med seg slike mengder med støv frå bedrifta at det



Støvska 15. mai sett frå Tyskaberg, mot Ottøy, Ottøysundet og Israelsneset. Foto: La Sandsfjorden Leva

berre var å trekkja innomhus i det som eigentleg var ein klår og solrik kveld. “Lufta framstod som svært uklar og urein i fjordbassenget. Like eins såg ein at steinstøvet la seg på alle flater. Nabo har også fortalt at støvet kom inn i huset via ventilane, heiter det i brevet.

Hendingane og klagen kjem altså

samtidig med at LMT-utvalet i går tok stilling til utlegginga av reguleringsplanen for ei gigantisk utviding av masseuttaket til Mibau Stema. Den debatten gjekk medan e-avisa gjekk i støypen, utfallet kjem i neste e-avis.

Jente i ATV-ulukke

Ei jente i tenåra, heimehøyrende i Suldal, blei søndag frakta til sjukehuset i Stavanger med luftambulanse etter ei ulukke med ATV.

Nora Bogetvedt Jenssen

Politiet fekk melding om ulukka klokka 14.50.

Utfør ei skråning på Suldalseid

Ei jente på ATV hadde velta og hamna i ei skråning på Suldalseidet. Både ambulanse, brannmannskap og politi blei

sendt til staden. Føraren var vaken og klagar over smerter. Ifølgje politisjef Fredrik Alvestad blei ho frakta med ambulanse til legevakta på Sand, før luftambulanse til Stavanger blei rekvirert.

Opprettar sak

– Ved høgenergiulukker er det vanskelig for helsepersonell på staden å definera skadeomfanget, seier Alvestad.

Politiet har utført åstadundersøking på staden og opprettar sak. Dei har også sikra seg ATV'en for teknisk kontroll. På X skriv politiet at ulukka kan ha skjedd ved at eitt hjulsett har komme i grøfteanten og dermed vipa ATV over i grøfta og ned skråninga.



Fryktar at den offentlege skulen vil bli svekka

Administrasjonen i Vindafjord kommune har ferdigstilt si uttale til politisk behandling i samband med søknaden frå Vindafjord Montessoriskule AS om å starte ein privat grunnskule på Bjoa. Dei verdset initiativet, men uttrykkjer bekymring for konsekvensane for dei offentlege skulane om privatskulen blir realisert. — Me ser positivt på

engasjementet og initiativet kring eit alternativt skuletilbod, men me må òg ta ansvar for heilskapen i det offentlege tilbodet. Vår vurdering er at etableringa av ein Montessoriskule på Bjoa mest truleg vil svekkje det offentlege skuletilbodet i Vindafjord, både økonomisk og fagleg.

Grannar

Agnar mener butikkene prioriterer feil

Snart bugner det av norske lokalproduserte varer i butikkene. Eller gjør det? Salget av norsk frukt kan gå tregt, forteller daglig leder i Ryfylkefrukt, Agnar Apeland. Han har en teori om hvorfor. Når den norske fruktsesongen starter om ikke lenge, mener Apeland den norskprodu-

serte frukten må konkurrere for mye med billig importert frukt. Det mener han er feige lag. — Jeg har en mistanke om at det går på profitt. Marginen på den importerte frukten er kanskje bedre selv om det ikke vil ha noe å si for forbrukeren.

Strandbuen



Den foreslåtte utvidinga av området til Mibau Stema er på heile 2700 dekar, som tilsvarer 3780 fotballbanar. Denne illustrasjonen viser korleis området vil ta seg ut når uttaket er komme så langt at produksjonen er på nivå med dagens steinbrot. Illustrasjon: Skjermdump frå kommunedirektørens saksframlegg.

– Førebudd på mange innspel

Det seier einingsleiar for bygdeutvikling, Dagfinn Svadberg Hatløy, om reguleringsplanen for utvidinga av steinknuseområdet på Berakvam som i går var til behandling på LMT-utvalets bord.

Esther Moe

Området er på 2700 dekar, eit areal som tilsvarer heile 3780 fotballbanar og består i dag av skogsmark. Kommunedirektøren viser til at utvidinga gir pukkverket rammer for ei føreseieleg drift i 50– 80 år. Ifølgje Mibau Stema si eiga nettside sysselset bedrifta 340 personar når faste tilsette, vikarar, lærlingar og alle underleverandørar er rekna med.

60 privatpersonar har sendt merknader

Utvidinga er også omstridd. Det er særleg hyttefolk og fastbuande i området rundt som uroar seg for konsekvensane med støy, støv og effekten utvidinga vil ha for fjorden og naturmangfaldet. Rundt 60 privatpersonar har sendt merknader til planprogrammet, i tillegg

til ni organisasjonar og fem ulike styresmakter. Blant tema som går igjen er arbeidstider, uttaksvolum, etterbruk, forureining, støv, støy, landskap, og folkehelse.

Kommunedirektøren:

Fordeleane er større enn ulempene

Det LMT-utvalet tysdag skal ta stilling til er om planforslaget skal leggjast ut på høyring slik det nå ligg frå administrasjonens side.

Kommunedirektøren er klar på at det er konflikhtar knytt til utvidinga. (...) spesielt inngrepet i landskap og naturmangfald på land og vassmiljø er betydelege og irreversible ved utviding av råstoffområde sjølv om avbøtande tiltak vil ha ein dempende effekt”, heiter det i sakas konklusjon. Der administrasjonen slår fas at fordelane likevel er større enn ulempene fordi utvidinga vil gi betydelege samfunnsverdiar i form av arbeidsplassar og synergiar/aktivitet som er viktige for kommunen.

Spår at støyvollane blir sentrale

Einingsleiar ved bygdeutvikling, Dagfinn Svadberg Hatløy, er altså budd på mange innspel når planen kjem ut på høyring. Han spår at støyvollane blir eitt av dei store emnene i høyringsrunden.



Einingsleiar for bygdeutvikling. Dagfinn Svadberg Hatløy.

Spørsmålet er om vollane skal liggja i buffersona eller inne i sjølve området som er avsett til utvinning, der dei dermed vil eta av uttaksområdet. Administrasjonens forslag er at vollane blir i buffersonen, noko einingsleiaren seier er i tråd med bedriftas ønske, men at administrasjonens grunngeving for dei- ra forslag er at dette alternativet er det som vil gi mest voll-hjelp frå landskapet.

Planforslaget er også presentert for Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune i det såkalla Planforum.

Poenget der er å få avklart at styresmaktene meiner kunnskapsgrunnlaget for planen er godt nok og få innspel på foreslåtte føreseigner og meir overordna forhold ved planen.

Statsforvaltaren:

Etterspør meir konkretisering og detaljering

I referatet frå det møtet, går det fram at styresmaktene folk ikkje endå har sett seg grundig inn i eit veldig omfattande dokument-materiale, men tilbakemeldinga på kunnskapsgrunnlaget er oppsummert slik. “Godt og ærlig”.

På fleire tema som avrenning, støv og støy, er tilbakemeldingane at dette må bli meir konkretisert og detaljert. Om hydrogeologi (vitskapen om grunnvatn) meiner Statsforvaltaren at konsekvensane er for snilt vurderte og at det alt i dagens drift er forurensing det ikkje er kontroll på.

Svadberg Hatløy seier administrasjonen også har gjort mindre justeringar på utvidingsområdet etter innspela. Men han er også klar på at han reknar med å få mange fleire innspel når planen kjem på høyring, både frå berørte privatpersonar, styresmakter og frå organisasjonar.



Folketalet i Suldal går ned i første kvartal. Fleire døyr enn barn som blir fødte og fleire flyttar ut av kommunen enn til. Colourbox

Suldal: Størst nedgang i folketalet i Rogaland

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå frå første kvartal i 2025 viser at folketalet i Suldal minkar mest og kommunen er ein av få i Rogaland med nedgang i folketalet.

Nora Bogetvedt Jenssen

Folketalet i Suldal går ned med 14 personar, frå 3 939 ved utgangen av 2024, til 3925 ved utgangen av mars i år.

Fødselsunderskot

Tala viser også eit fødselsunderskot på to. Sju blei fødte i årets tre første månader mens ni døyde. Suldal kunne skilta med ein fin folkevekst i 2024, med 50 nye suldøler. I fjorårets siste kvartal stod derimot tala på staden kvil og viste verken auke eller nedgang.

Suldal på botnplassering

Ingen andre kommunar i Rogaland har

større prosentvis minus i 1. kvartal enn Suldal.

For utan Suldal, som går 14 tilbake i folketalet, har følgjande kommunar minus i første kvartal: Hå – 55, Sauda – 8, Lund – 5, Hjelmeland – 3, Tysvær og Utsira begge – 1.

Når det gjeld å ha eit negativt fødsels-overskot, har Suldal følgje med Sokndal, Lund, Hjelmeland og Utsira.

Låg folkevekst nasjonalt

I Norge auka befolkninga med 6 700 personar i årets første kvartal, og folketalet er nå på over 5,6 millionar. Folkeveksten var lågare 1. kvartal samanlikna med tidlegare år, og det skuldast, ifølgje Statistisk sentralbyrå, at færre ukrainarar kom til landet. På det meste kom det 14 700 ukrainske statsborgarar til Norge på eitt kvartal. I 1. kvartal 2025 var talet 2 900. Med det vart årets første kvartal det førstekvartalet med lågast folkevekst sidan 2004, sett i høve til folketalet – med unntak av koronaåret 2020.

Debatten er i gang



Eyvind Nordbø Ohm bur på Ropeidhalvøya og var ein av dei som stilte på folkemøtet torsdag kveld

Her er somme av dei umiddelbare reaksjonane som kom frå salen etter at konsulentane hadde lagt fram sin rapport for suldølen.

Esther Moe

Blant dei som tok ordet under torsdagens folkemøte i Kulturhuset, var Eyvind Nordbø Ohm frå Ropeidhalvøya, og han lufta eit heilt nytt alternativ for ungdomsskulen.

– Kvifor ikkje laga ungdomsskule i sørmens tunellen blir bygd?

– Me har store avstandar, og nå skal ein sprengja i Rødsliane. Kvifor ikkje laga ungdomsskule sør i Suldal til Sand skule er ferdig ombygd og tunellen (i Rødsliane, journ. merknad) er klar?, spurde han, som påpeikte at det å flytta lærarar langs rasfarlege vegar inneber mindre risiko enn å senda bussar med skulebarn.

– Spannande innspel, det har me ikkje greidd ut, kvitterte konsulenten.

Reist langt

Wenche Haugen Havrevoll frå Nesflaten var først ut i salen, og fekk ordet fleire gonger, men gav klar beskjed om at ho syntest tida blei knapp til spørsmål og kommentarar.

– Me har reist langt for dette møte, me vil gjerne få tid til å diskutera, kommenterte den tidlegare rektoren på Nesflaten, som viste til at Nesflaten-elevane i hennar tid låg over snittet kva gjaldt val av høgare utdanning.

– Små skular gjer det like godt

Ho gjekk i rette med konsulentane si problematisering av små skular.

– Forsking viser at små skular gjer det like godt. Det må me vita, for de står her som fagfolk og fortel ikkje det, kommenterte ho.

Ho blei avskoren frå fleire spørsmål då møteleiar og oppvekstsjef Svein Carlos Gjil valde å avslutta på streken klokka 20, trass i sterke oppmodingar frå sambygding Eirik Moe om å la henne sleppa til med eitt til.

» kommentarar

» Det kan bli eit underleg liv på Nesflaten når alle barna er vekke heile dagen. Det me har høyrte nå, er reknestykke og matematikk, og det var vel det som var oppdraget. Her er det også snakk om levande bygder, men det blir vel kommune-styret som må leggja an eit breiare perspektiv.

Wenche Nygaard, Sand

» Det er viktig å seia at det er ulike meiningar i bygdene, men det er vondt å komma fram med noko som blir oppfatta som negativt. Eg er spent på om det blir gjort noko som gjer at me kan få ro, det er slitande for bygdene å ha denne debatten gåande.

Magne Langeland, Nesflaten

» Me opplever Sand skule som tjåkfull, kor er det ledig plass?

Anne Lise Pedersen, foreldreutvalet på Sand skule

» Ingenting er nøytralt. Eg skulle ønskt meg strategiar for utvikling, heller enn avviking. Å ta vare på nærskulane handlar også om matsikkerhet. Kor strategisk er det å busa ut ungane or grenda så tidleg ein kan?


Eirik Moe, leiar i øvre Suldal grendeutval

» Barns beste er det aller viktigaste, reisetid er veldig lite belyst i forhold til resten av dette. Ungane må ha eit aktivt liv, reiseveg er slik sett negativt. Ein seksåringen skal ikkje bussast ein time kvar veg, og akseptabel risiko, kva er det?

Trygve Skogland, Nesflaten

» Mest truleg vil me få ein anleggsperiode med massiv utbygging på Nesflaten, det vil bli tilflytting og nye arbeidsplassar. Har de tatt omsyn til det?

Udmund Nybø, Nesflaten



Over:
– Ikke rot, men plassmangel, sa konsulentene om disse bildene fra suldalsbarnehagar.

Til venstre:
Jostein Danielsen fra Norconsult i samtale med fungerende kommunedirektør, Torbjørn Guggedal, før folkemøtet torsdag.

Framtidas oppvekst:

Tøffe meldingar om meir enn struktur

Lokalt er framtidens skulestruktur det heitaste spørsmålet. Konsulentane som har saumfare dagens tilstand, har funne tilstander dei meiner er minst like brennbare.

Esther Moe

– Alarmen har nok alt gått i kommunen, det er ein dramatisk nedgang i andel timar gitt av lærerkompetanse. Me er nede på 74 prosent. Kommunestyret har sett seg ei grense på 60 prosent for 2026, men er det eigentleg lovleg å laga seg ein standard under lov og forskrift?

Barsk kost i mild form

Jostein Danielsen frå Norconsult har utprega mild innestemme, men innhaldet i det han serverte i går, er barsk kost for ein kommune der strukturspørsmålet er svært brennbart og der kampen om folketal og kompetanse stadig spissar seg til. Den tidlegare skulemannen og rektoren understreka at han forstår at temaet vekker kjensler og oppfordra både folkevalde og borgarar til å veraause og ærlege med kvarandre i ordskiftet som kjem.

Rundt 110 på folkemøte

Norconsult er altså hyra inn for å skaffa fram eit kunnskapsgrunnlag når administrasjonen og dei folkevalde skal inn

og meisla ut framtidens skule og barnehage i Suldal. Den førebelse rapporten med funn, alternativ og tilrådingar (somme med forbehold) blei i går presentert, først for kommunestyrepolitikarane. Derneft under eit folkemøte på Kulturhuset, der rundt 110 var møtte fram og dette møtet blei også strøyma.

Dette er skuletilrådinga

Alternativet konsulentane tilrår er at Suldal legg ned skulen på Nesflaten og på Jelsa og opprettar tre tre oppvekst-senter:

- Vinjar på Suldalsosen der dagens to bygg vil utgjera senteret som også dermed får ei organisatorisk endring. Dette inneber at skuleungar på Nesflaten vil måtte bussast langs ein rasfarleg veg. Risikovurderingane rundt dette er ikkje fullt utgreidde, og dermed kjem også tilrådinga med eit forbehold. Danielsen understreka at kravet til skuleveg er ein risiko som er akseptabel
- Kjølvik på Ropeidhalvøya der tilrådinga er eit nytt bygg som skal samla Marvik skule, Jelsa skule og barnehagen på Kjølvikstølen. Barnehagen på Jelsa er tilrådd oppretthalden, mens kuleungane på Jelsa i dette alternativet er tenkt skyssa med båt og det er ei rekning kommunen sjølv må ta i så fall.
- Stølne i Erfjord der tilrådinga er eit bytt bygg med samanslåing av Erfjord skule og barnehagen som i dag

ligg på Stølne.

Når det gjeld skulen på Sand, tilrår konsulentane at den forblir ein 1.-10.-skule. Det er ikkje tilrådd nybygg, men at det heller blir gjort tiltak på nåverande bygg.

Forteljingar om barn som går heile barneskulen utan vener

Men dei konkrete struktur-alternativa var altså siste punktet på lista i gårshagens presentasjon både på Kommunehuset og på Kulturhuset. Konsulentane som dei siste månadene har saumfare barnehagar og skular i Suldal, begynte i ein heilt anna ende.

– Me har fått forteljingar om barn som går gjennom heile barneskuleløp utan vener. Dei minste skulane her er veldig små, uansett målestokk, det er heilt på grensa, konstaterte Danielsen, som refererte til nasjonale trendar med folketalsnedgang og kompetansekamp.

– De må seinka forventingane eller endra strukturen

Struktur og kvalitet heng nøye saman i det bildet som konsulentane i går teikna opp.

– De har store forventingar til små einingar. Utfordringa frå oss blir at de anten må seinka forventingane eller endra strukturen, sa Danielsen til dei folkevalde og rissa opp ein situasjon der følgjande bekymrar:

Nedslitne og ufunksjonelle bygg, sosiale og pedagogiske miljø som er så små

at dei blir vurderte som heilt på grensa av det forsvarlege, mangel på lærerkompetanse og dårleg utnytting av den kompetansen som finst, gjennomtrekk i leiinga, og eit skuletilbod som ikkje blir likeverdig på tvers av grendene. Læringsutbytte varierer veldig, det samme gjeld trivsel.

Barnehagetilstanden: – Det er ikkje rot, det er plassmangel

Dagens barnehagetilstand tok nok også mange på senga. Konsulent Sigrid Hestnes viste bilde som enkelt og slåande fortel om trange forhold og dels nedslitne forhold med tilhøyrande dårleg lys og luftforhold for både barn og tilsette.

Tilrådingane for barnehagane er å leggja ned ordinær barnehagedrift på Nesflaten og å heller organisera tilbodet som ein familiebarnehage.

– Seks barn er ikkje ein barnehage. De har sett grensa på seks, men me meiner alt under ti blir for få, kommenterte Hestnes, som også meiner det er lite hensiktsmessig å drifta barnehagen på Sand i to forskjellige bygg, som i dag.

Tilrådinga for barnehagar går på ein kombinasjon av oppgraderingar, betre plassutnytting av kvadratmetrane og nybygg.

Den endelege rapporten skal vera kommunen i hende kommande onsdag. Deretter blir det høyring, og så får politikarane saka til behandling i oktober.

Pallplass til quiz-gutane



Laget JAN frå Sand skule, Jakob Nessa, Amund Hiim Havrevoll og Noah Parelius Moe Lindseth, enda på ein finfin 3. plass i Ryfylkequizen på Finnøy, sist onsdag.

Nora Bogetvedt Jenssen

8. klassingane frå Finnøy vann den store finalen på heimebane, og elevane frå Tryggheim tok andrelassen.

Favorittar

Quizgutane frå Sand skule var storfavorittar før start, etter ein suveren poengsum frå finalen her heime. Men dei er godt nøgde med 3. plassen og synest det heile har vore ei veldig kjekk erfaring.

– Namn på folk og stader var det me bomma mest på, og best var me sjølv sagt på alt som handla om Suldal, sa Noah på telefon frå Finnøy.

Mange som følgde med

Dei kjempa mot åtte andre lag i finalen, som blei direktesendt på nett med mange sjåarar. Jakob og Amund seier dei var litt nervøse før finalestart, men gløymde det fort då konkurransen starta. Med seg heim, får dei termosar og 2000 kroner til klassekassen. Det var alt me fekk ut av gutane, før dei heiv seg med dei andre quizarane i grilling og leik ved fjorden på Finnøy.

Jakob Nessa, Amund Hiim Havrevoll og Noah Parelius Moe Lindseth, her med fungerande ordførar Torbjørn Indrebø, kunne reisa heim til Suldal med ein flott 3. plass i jubileumsutgåva av den store Ryfylke-quizen. Foto: Kristine Olsen/Ryfylkealliansen.

Nå blir det liv i Sand Sport-bygget

Alt 16. juni opnar dørene, og dei nye leigetakarane skal halda ope kvar dag til ut august.

Nora Bogetvedt Jenssen

Det er Turistkontoret som nå riggar seg klare i lokala der Sand Sport tidlegare heldt til.

Turistkontoret får fin plassering

Dagleg leiar Laila Steine i Næringsshagen i Ryfylke, som er dei som leverer tenesta for Suldal kommune, seier dei er glade for at turistkontoret nå får ei god og synleg plassering midt i Gata på Sand.

– Me reiser jo rundt med mobilen full av appar og info, det gjer gjestane våre også. Likevel har me sett at besøket har


teke seg litt opp dei siste åra. På turistkontoret skal me gi gjestane all den informasjonen dei ønskjer om Suldal, overnatting, reiseruter og opplevingar, lovar Steine.

Tre nye vertar på plass

Ho minner om at dei har mykje kjekt å tilby suldølen også, som til dømes dei nye stolpekarta og ønskjer alle velkommen innom for ein kikk. Turistvertane er klare til å ta imot 16. juni, og Steine har tre nye vertar frå 10. klasse i sommarstaben, i tillegg til dei meir rutinerte.

Laila Steine og Marit Larsen i Næringsshagen i Ryfylke er glade for at turistinformasjonen får ei synleg og god plassering i Gata på Sand.





Ryfylkedagane byr på rikholdig program til helga.

Mange dagar med moro for store og små ventar

Ryfylkedagane er rett rundt hjørnet og nå gjeld det å lada kreftene om ein skal rekkja over alt. Alt i dag startar det kulturelle programmet.

Nora Bogetvedt Jenssen

Ryfylkemuseet inviterer til utstillingsopning om utvandringa frå Ryfylke til Amerika, og etterpå blir det føredrag om folkedraktar og bunader ved Målfrid Grimstvedt.

Handel og humor

Fredagen startar handelsstanden på Sand folkefesten, og salsbuene riggar seg på Torjå. Før kveldsprogrammet startar, kan ein handla seg grillmat på Ryfylke fjordhotell, og Drøs inviterer til Italiensk Aften. Kvelden fortset på fjordhotellet med pubkveld og Matskattar frå Suldal, mens Drøs og Sjøhuset tek over serveringa på Kulturhuset. Der skal DJ Stueland, også kjent som kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling, få oppstemninga før Tre menn og en bobil entrar scenen.

DJ Stueland og sommarfest

Dei tre lause kanonane, Hans Morten Hansen, Arvid Mæland og Harald Eide Ellingsen, lovar å levera eit humor-show etter innfallsmetoden, utan verken manus eller plan. Når karane frå sør-fylket er ferdige, kan lattermuskane få kvila seg, og DJ Stueland skal halda liv i nachespiellet heilt fram til klokka 01.

Men komiteen har ikkje gløymt dei yngste, og dei får sleppe seg laus på Sommarfest i Suldalshallen med sommaraktivitetar både ute og inne. Mellom øktene blir det servert grillmat. Sommarfesten er delt i to puljar, først for 1-4. trinn, så 5-7. trinn.

Den store marknadsdagen

Laurdagen, som er den store marknadsdagen, med opne butikkar, buer, utstillarar og underhaldning startar i Gata. Mykje av programmet blir som tidlegare år, men det er også nye aktivitetar å få med seg. I sørenden av sentrum parkerer stolte eigarar nyvaska og polerte veteranbilar og motorsyklar, og i Sanitetshuset blir det mogeleg å gjera seg eit loppis-funn. Ryfylkemuseet inviterer til pop-up utstilling i samarbeid med introtenesta om ei reise frå Kherson i

Ukraina til Sand i Ryfylke.

Klovn Knut og triksekonkurranse

Klokka 11 er det offisiell opning av Ryfylkedagane med korps og internasjonal parade, og ein time etter er det utstillingsopning i Mimrestova til sogelaget. Der kan ein sjå bilda til Hans Christen Rygh frå tida då han var redaktør i Suldalsposten.

Dei minste kan få ut litt energi i hoppelottet, før Klovn Knut og Cirkus Akrobatikk tek over på Torjå. Og etter det kan ein leita fram gamle kunster, finna fram godfoten og kasta seg med i triksekonkurranse med ball. Suldal Kunstlag sin sommarutstilling opnar på Kulturhuset, og årets utstillar er Øystein Haga frå Jelsa.

Speed-shopping ventar andavinnaren

I år, som tidlegare, blir nok eitt av høgdepunkta laurdagen det store andesleppet i elveosen. Matcher nummeret på første anda i mål med loddet du har i handa, ventar speed-shopping for 25 000 kroner. DJ Stueland får ei travel helg, for laurdagskvelden brakar det laus igjen på Kulturhuset. Stueland skal sørgja for god stemning før og et-

ter at dei lokale heltane i The Raising Steins spelar opp til fest og dans ut i natta. På hotellet er det same program som på fredagskvelden med Pøbkveld og Matskattar frå Suldal, i tillegg kjem trubadur Jim Jacobsen og underhald.

Grilldag på Nesflaten

50-årskonfirmantane på Sand må ikkje gløyma kyrkjetida søndag. Då blir dei presenterte som gullkonfirmantar i Sand kyrkje. Og sjølv om laurdagen har bikka til søndag, er det ikkje slutt på moroa. Nesflaten vartar også år opp med grilldag på samfunnshuset, der det for utan mat frå grillen, blir både loppemarknad og auksjon. Klovn Knut tar også turen til Øvre Suldal for å showa vidare.

På frukost-tv

Dette er berre nokre smakebitar av alt det kjekke som skjer under Ryfylkedagane. Museet har ope kvar dag, ein kan bada på Suldal Bad både torsdagen og fredagen, og vil ein kikka etter kjentfolk på skjermen, så blir det også mogeleg. TV Haugaland er på plass laurdagen og serverer frukost-tv frå strandstaden.



Dette tilbygget stod ferdig i 2016 og aukar talet på rom betrakteleg. Tilbygget er teikna av arkitekt Tai Grung for arkitektkontoret Lie Øien arkitektur. Foto: privat



Hotelldrivarane og -eigarane Gunhild Moe og Olav Lindseth utanfor den originale delen av hotellet. Arkivfoto: Esther Moe



Tilbygget på messebygget. Arkivfoto: Esther Moe

Energihotellet:

Blir del av Riksantikvarens eksemplersamling

Eigarane og driftarane av hotellet, Gunhild Moe og Olav Lindseth, får ros for å re-spektera den opphavlege arkitekturen, samstundes som dei legg til rette for ein drift tilpassa dagens marknad.

Oda Torbjørnsen

Då dei skulle velja arkitekt falt valet på ein person, dei var sikre på at ville ha forståing for det originale prosjektet; Geir Grungs dotter Tai Grung.

Nye tider, ny bruk

– Det er veldig fint å bli sett på med Riksantikvarens blikk, seier den svært nøgde hotell-eigaren Gunhild Moe.

Det opphavlege bygget, messebygget, stod ferdig i 1963. Det blei teikna og bygt i samband med kraftutbygginga i Røldal-Suldal og vasskraftverket Suldal I. Grung teikna også bustader til dei som jobba på kraftverket og med kraftutbygginga. På hotellet finn ein framleis dei originale 60-talsmøblane designa av Sven Ivar Dysthe. Samstundes har tidene endra seg, og det speglast i arkitekturen.

– Me gjorde også eit viktig og lovpålagt grep med å ha universelt utforma rom, fortel ho.

I Geir Grungs ånd

For det er sjølvsaugt andre krav til eit bygg nå enn på 1960-talet. I tillegg er det heilt andre behov. Då det blei bygt, hadde messebygget berre 14 rom, ifølgje Riksantikvaren, men Geir Grung var ein framtidsretta arkitekt.

– Geir Grung var veldig oppteken av at bygg skulle bli brukt, og hadde allereie planar og tankar om korleis ein kunne utvida, fortel Moe. Og behovet for å utvida det kom. Nå har Energihotellet 62 sengeplassar.

– Hans linjer, hennar blikk

Samstundes som valet falt på ein arkitekt som verkeleg kunne forstå original-tankane, har eigarane vore opptekne av

at Tai Grung må få teikna på sin måte.

– Eg vil seia at det er Geir sine linjer, men Tai sitt blikk, seier Moe.

– Me var veldig heldige med at Tai også er arkitekt. Det kjennest meningsfullt både fordi ho er ein god arkitekt, men også fordi prosjektet til Geir Grung blir vidareført av dottera hans. Det er ein viktig del av norsk arkitekturhistorie. Ein kan sjå skiljet mellom den originale delen og den nye i golvet, men fleire gjester legg faktisk ikkje merke til at delane ikkje er frå same tid, og det er veldig kjekt å høyra.

Karlahuset får 500 000 kroner i Kulturminnefond-støtte

Kulturminnefondet skriv i ei pressemelding at huset er vurdert som eit viktig kulturminne med høg kulturhistorisk verdi og opplevingsverdi.

Oda Torbjørnsen

Støtta som Kulturminnefondet nå gir, er på 500 000 kroner, og det er eigar Jarand Hindenes som mottar den omsøkte støtta til Nordenden 5, kjent som Karlahuset.

Ein viktig del av strandstadmiljøet på Sand

Hindenes har tidlegare fått fylkeskommunal støtte på 50 000 kroner, og han er i tillegg innstilt på å få til saman 50 000 kroner frå kommunen.

Kulturminnefondet har lagt vekt på at Karlahuset er ein viktig del av strandstadmiljøet på Sand, og at det er eitt av dei eldste husa på Sand. Støtta han nå får frå fondet, skal nyttast til å setja huset i stand. Framover skal tømmerkonstruksjonen bli demontert, før den seinare skal bli gjenreist på ny grunnmur. I tillegg skal utvendige fasadar, kledning, vindaug og dører restaurerast, med mest mogeleg gjenbruk av det opphavlege materialet.



Nordenden 5, også kalla Karlahuset, skal nå setjast i stand og blir støtta med 500 000 kroner av Kulturminnefondet. Foto: privat

Hus frå 1860-talet

– Huset har høg kulturhistorisk verdi og ligg i eit område som visar korleis folk i Sand levde og budde. Det er svært positivt at bygningen nå blir sett i stand, med fokus på gjenbruk av materialar

og vidare bruk i framtida, seier styreleiar i Kulturminnefondet, Hanne Kristin Jakhelln.

Bygget har mange originale delar frå 1800-talet. I starten var det eit lite hus bygd for Carl Andreas Carlsen, som had-

de snikkarverkstad i kjellaren. Rundt 1870 blei det utvida og fekk to fulle etasjar og sveitserstilen det har i dag. Huset står nå tomt, men skal takast i bruk igjen og etter planen bli heilårsbustad.

Ungdata 2025:

Betre psykisk helse, men fleire slit med stress i kvardagen

I Rogaland har over ti tusen elevar i Vg1 og Vg2 svart i Ungdata-undersøkinga.

Nora Bogetvedt Jenssen

Svara i undersøkinga viser at dei fleste har det godt sosialt, og færre oppgir psykiske plagar enn tidlegare. Men funna peiker også på utfordringar med søvn og mobbing.

– Gir oss eit sterkt kunnskapsgrunnlag

– Når over ti tusen ungdommar deler sine erfaringar og tankar, gir det oss eit sterkt kunnskapsgrunnlag. Me får vita kva som blir opplevd som viktig, og kor me må setja inn tiltak. Ungdata hjelper oss med å forstå både felles utfordringar og lokale forskjellar, skriv Eiliv Fougner Janssen, opplæringsdirektør i Rogaland fylkeskommune, i ei pressemelding.

Dei aller fleste er tilfredse

Over 80 prosent av dei spurde seier dei er tilfredse med livet sitt. Jenter rapporterer meir enn gutar om psykiske helseplager og stress. Om lag ein av fire svarer at dei har opplevd så mykje stress



10 000 vidaregåandeelevar i Rogaland har svart om kvardagen sin. Foto: Øyvind Nesvik/Rogaland Fylkeskommune

at dei har hatt problem med å takla det. Men årets undersøking viser likevel ein nedgang i psykiske plager, samanlikna med undersøkingane i 2022 og 2019.

Når det gjeld familie og heim, rapporterer dei aller fleste om eit godt forhold til foreldra sine. Over 80 prosent oppgir at foreldra har god oversikt over kva dei gjer på fritida. Om lag ein av fem seier

at familien manglar pengar til fritidsaktivitetar av og til.

Over halvparten har skulka

Mange opplever skulearbeidet som stressande, og jentene bruker meir enn dobbelt så mykje tid på lekser som gutane. Over halvparten av dei som har delteke i undersøkinga vedgår at dei har

skulka skulen minst ein gong det siste året, fleire jenter enn gutar. 70 prosent oppgir at dei bruker meir enn tre timar dagleg på skjerm utanom skulen. Jenter bruker mest tid på sosiale medium, mens gutane spelar mest. Færre deltek i organiserte fritidsaktivitetar enn tidlegare, og gutane er meir aktive enn jentene når det gjeld fysisk aktivitet.

God framtidstru

Mange rapporterer om fysiske plagar som hovudpine og problem med svevnen. Jenter brukar oftare reseptfrie smertestillande og helsetenester. Når dei gjeld framtidstrua, meiner 94 prosent at dei kjem til å fullføra vidaregåande skule, og meir enn halvparten trur dei vil ta høgare utdanning. Langt fleire jenter enn gutar ser føre seg høgare utdanning. Av elevane i Vg2 svarer 74 prosent av jentene at dei vil vidare på universitet eller høgskule, mens 49 prosent av gutane svarer det same. Best av alt er at dei aller fleste som har svart, trur dei vil få eit godt og lukkeleg liv, spesielt gutane har god tru på framtida. Og elevane i Rogaland har betre tru på framtida enn elevane i resten av landet.



Denne typen ocarina har vore tett knytt til overgangsritualet mellom liv og død, der vatn har ein spesiell rolle.



Øystein Haga i studio med si spesialdesigna hulromsfløyte. Foto: privat

Tekst/foto: Oda Torbjørnsen



Øystein Haga er kunstnar, musikar og jelsabu. Her står han framfor verkstaden sin på Jelsa.

Øystein Haga er årets utstillar på sommarutstillinga til Kulturhuset. Med kjærleik for musikk og kunsthåndverk har han gjennom eit langt liv laga eit svært særprega instrument som ber namnet ocarina.

Eit kunstnarliv vigd til ocarinaen

Haga fylte 80 år tidlegare i år, men har ingen planar om å stoppa med å laga ocarinaer, ein type hulromsfløyte i keramikk. Han trur nemleg at han er den einaste i Norge som lagar slike fløyter for tida.

Det er treet som avgjer Verkstaden hans ligg på Jelsa. Kvar kvar einaste krik og krok er fylt med ocarinaer og kunst utforma i tre; store og små skap med former som liknar fuglar og kattar.

– Eg lar trestrukturen påverka forma, fortel han. Dermed blir det få rette lin-

jer i trearbeida hans. Kvistar kan bli til auge eller nebb, ei svinging i treet kan bli ein naturleg kroppsform.

Ocarinane modellerer han i leire, og dei aller fleste liknar fuglar.

– Eg trur fugl er eit vanleg motiv for hulromsfløyter i alle kulturar på grunn av den egg-forma kroppen, forklarar han.

Fekk lyst til meir enn å spela

Øystein kjem opphavleg frå Vestfold, men nesten heile karrieren har han og kona vore lærarar ved Jelsa skule. Øy-

stein har undervist i kunst og handverk, gym og etter kvart også musikk.

Det var nettopp med musikk at kjærleiken for ocarina byrja. Heilt frå han var liten, spelte nemleg Øystein fløyte. Ikkje hulromsfløyte, men røyrfløyte. På ein kunst- og handverksutstilling møtte han to svenske ocarina-spelarar, og dermed var eit frø sådd hjå kunstnaren. Han forstod raskt at han kunne laga hulromsfløytene sjølv. For sjølv om ocarina-miljøet i Norge er veldig lite, har han funne mange like store entusiastar andre stader i verda. Inne i verkstaden

hans heng det plakatar frå Ocarina-festivalar i Italia og Texas, og i glassmontrar har han ocarinaer frå Kina og Sør-Amerika.

Det som ikkje skulle skje

Øystein Haga er kunsthåndverkar; med hendene sine former han fløyter i keramikk, og han er musikar og spelar på fløytene han lagar. Men dei aller fleste fløytene som omgir han i verkstaden hans, kan han ikkje spela fullstendig på lengre. Rett etter at Øystein gjekk i gang med med å spela inn plata, Oca-



Ein av mange ocarinaer Øystein Haga har laga, men utan det typiske fuglemotivet. Han lagar også ocarinaer med, til dømes, fiske-motiv.



Det er ikkje noko stort ocarina-miljø i Europa, men i Italia lever interessa for instrumentet, og Øystein Haga har vore på mange festivalar her.



Øystein Haga er inspirert av treverkets naturlege former.



Ein liten samling av dei mange ocarinaene til Øystein Haga.

rina, i 2009, skjedde det som ikkje skulle skje; ei ulukke gjorde at Øystein mista alle fingrane og noko av handflata på venstre hand.

– Det blei viktig for meg å gjera ferdig den plata, fortel Øystein.

For å få det til, måtte han designa ein einhandsocarina. Dermed kunne han fullføra prosjektet han hadde starta.

Det magiske instrumentet

Ocarina er ikkje eit typisk norsk instrument, men Øystein fortel om røtene som likevel er lange og djupe. Det er blant dei eldste instrument ein kjenner til.

– Både inkaene og aztekerne hadde ocarinaer. Dei var viktige i samband med rituelle hendingar.

Og spesielt viktig i overgangen mellom det jordiske livet og døden, var ein type ocarina som ein fyller med vatn. Sjølv-sagt har Øystein laga fleire av denne typen instrument.

– Dette er den mest magiske ocarinaen, seier han mens han fyller den med vatn. Mens han bles inn, voggar han rytmisk ocarinaen att og fram, slik at fløyte-lyden blir blanda saman med ein slags gurglande, og samstundes pustande, lyd av vatn.

Å visa fram eit heilt liv

Som årets utstillar på Kulturhuset, vil han visa fram ei rekkje av instrumenta han har laga gjennom eit langt kunstnarliv. I tillegg vil han opptre i lag med Kristin Sandvik under opninga av utstillinga. Eg spør Øystein Haga om kva han skal ta med seg av dei mange instrumenta han har laga. Korleis kan han visa fram eit heilt liv med kunsthandverk i ein utstilling? Han må innrømme at det blir veldig vanskeleg, sjølv om utstillingslokalet er stort; han skal visa fram eit heilt liv.

Pipa har fått ein ny lyd for ugle-ungane



Desse to ugleungane fekk ein litt tøff start på livet, men takk vera feiaren, har dei nå ein betre sjanse til å bli vaksne ugler. Foto: privat



Uglene i den nye heimen. Håpet er at mor og far her vil mata dei nye ungane også. Foto: privat



Uglane fekk halvtanna døgn med kost og losji hjå Sigbjørn Toskedal og døtrene hans. Foto: privat

Dei to ungane blei funne heilt nedst i ei pipe. Dermed starta ein redningsaksjon, som forhåpentlegvis gjer at dei to ungane overlever.

Oda Torbjørnsen

Det var Mikael Hårvik i Haugaland brann og redning som rutinemessig skulle utføra førebyggjande rydde-arbeid i pipa på Jelsa. I staden fann han eit uglereir nedst i den omtrent fem meter lange pipa.

På Suldalsposten sin Youtube-kanal kan du sjå video frå ugle-matinga.

Vanskeleg matveg for uglemor og -far
Dermed blei brannkonstabel Sigbjørn

Toskedal kontakta. Han kan nemleg ein god del om ugler i pipeløp.

– Uglaleiter etter holer tre når dei skal finna reir. Derfor enda reiret i pipa, men for uglemor og uglefar er det krevjande å skulle komma seg opp og ned i pipeløpet. Det skadar både klør og nebb, som er veldig viktige for rovdyr, fortel Toskedal.

Henta dei forsiktig opp

Vurderinga blei dermed at desse ungane ikkje kom til å klara seg i botnen av pipa.

– Dei hadde ikkje klart seg nedst i pipa, så me henta dei heilt forsiktig ut av pipa, før dei fekk dei mat i halvtanna døgn, seier Toskedal. Han har hatt ugleungane heime hjå seg sjølv, og døtrene hans har passa på at ungane får i seg nok mat.

– Dei skal ha veldig variert kost, og dei

treng mat ofte. Det kan vera utfordrande å få mata ugler, men desse må vore veldig svoltne for dei har ete godt. Dei har fått kjøtt, fisk, kylling, egg og mark.

Får «fosterheim»

Toskedal kan ein heil del om ugler, men han kjenner ein mann som kan enda meir om ugler enn han sjølv, og som attpåtil har oversikt over fuglekassane på Haugalandet, nemleg Einar Selvåg.

Selvåg er ugleekspert og fant raskt fram til to kassar som hadde like store ugleungar som dei i pipa. Dei to uheldige ungane blei ringmerkte og deretter plassert i desse kassane.

– Uglemor og -far kjem til å mata dei nye ungane. Det er historier om at det har late seg gjera før. Eg synest det er ei god løysing, og det er den beste sjansen dei har til å overleva.



Mikael Hårvik fekk ein noko uvanleg dag på jobben med førebyggjande arbeid. Foto: privat

Voltigestemne: Imponerte med turning på hesteryggen

Suldalsjentene viste godt igjen på Voltigestemnet i helga. Dei kunne reisa heim med veldig gode plasseringar og ein stornøgd trenar.

Heidi Hjorteland Wigestrland

Ni spreke jenter, Mina Lunde og hesten Komnes Russ, også kjent som Buck, reiste laurdag 24. mai til Haugaland Hestesportarena i Tysvær for å tevla i voltige.

På Suldalsposten sin Youtube-kanal kan du sjå Marta Møgedal og Moa Lyngmo Hägglund turna på hest. Dei fekk høvesvis første- og andreplass.

Perler, glitter og rungande applaus

For uinnvigde så betyr voltige å turna på hest eller tønne. Og sporten er ei blanding av fart, balanse og utsøkt eleganse, både i kropp og i framtoning. Glamfaktoren var høg i kafeen, då perler i velfrisert hår og glitter i ansikt og på augnelokk skulle finpussast, samstundes som sommarfuglar dirra i magen, før framsynin-gane inne i hallen, der musikken drønna, applausen runga, og der det skulle vera eleganse frå første innsteg til siste sekund, og kor dommarane i hjørnet vakta kvar rørsle.

Suldalsjentene på topp i galopp

Av dei ni deltakarane frå Suldal som hadde meldt seg på var heile seks voltigedebutantar. To debuterte i galopp. Jentene frå Suldal plukka med seg første og andreplass i galopp, tredje, fjerde og sjetteplass i skritt, tredje og femteplass i tønne og førsteplass i tropp. Deltakarane under 12 år får ikkje plassering, men imponerte også stort. Mina Lunde frå Lunde- hest og fritidsgard, som trener jentene, var altså stornøgd med laurdagens innsats i Haugaland Hestesportarena.

På god veg mot eigen klubb

Jentene frå Suldal viste ikkje berre godt igjen på resultatlistene, dei utgjorde også ein talrik kontingent blant dei påmelde. I Tysvær tevla dei med jenter frå både nord- og sørfylket. Per nå må suldalsjentene konkurrera i klubbar på Haugalandet eller sørfylket, i mangel på sin eigen. Men nå er snart Suldal Hestesportklubb ein realitet og då vil jentene om ikkje så altfor lenge kunna visa seg fram under sin eigen heimeklubb.



Ein sjef og ni glade deltakarar etter vel gjennomført voltigestemne i Tysvær. Bak frå venstre: Mina Lunde, Anna Edland, Ida Solbakken, Marta Møgedal og Moa Lyngmo Hägglund. Framme frå venstre: Møyfrid Wigestrland, Linnea Nilsen, Mathea Nilsen, Randi Møgedal og Elizabet Berko-Potfaj. Alle foto: privat



Frå venstre trenar Mina Lunde, Moa Lyngmo Hägglund, Anna Edland, Ida Solbakken, Mathea Nilsen, Linnea Nilsen og Elizabet Berkov-Potfaj.



Møyfrid Wigestrland og Randi Møgedal visar ferdigheiter på tønne.



Voltigetroppen på bukk. Frå venstre: Elizabet Berko-Potfaj, Randi Møgedal og Anna Edland.



Anna Edland turnar på hesteryggen til Komnes Russ.



Linnea Nilsen turnar på Komnes Russ. Longert av Mina Lunde.

God sommer!



GULLSMIA

GATA 16, SAND

HOS MEG KAN DU FÅ:

- ♦ Reparert alt innen gull- og sølvsmykker
- ♦ Forandre størrelse på gull- og sølvringer
- ♦ Tre om perler, sette på ny lås
- ♦ Bunadssølv; reparere og rense, polere
- ♦ Gravere på barnekurs, pokaler osv.
- ♦ Reparere større sølvgjenstander
- ♦ Lage nytt smykke, ring o.l. av gammelt gull

GULLSMED
Arne Magnus Johnsrød
TLF. 480 71 115

**Me har 6 204 følgjarar
på Facebook,
følg oss du også!**



Suldalsposten



RYFYLKEDAGENE

Tilbudene gjelder 30.05 til 13.06 2025



36⁹⁰
PR LM

CU-VIRKE C24 FURU
48X98 MM

FØR: 38,90



53⁹⁰
PR LM

CU-VIRKE C24 FURU
48X148 MM

FØR: 59,90

NOVIPRO

99,-

TERRASSESKRUE
RUSTFRI A2 4,2X55

FØR: 139,-



MoreRoyal



Foto: Talgø
MøreRoyal

49⁹⁰
PR LM

TERRASSEBORD ROYALIMP
GRÅ/BRUN FURU RILLET
28X120 MM

FØR: 59,90



Vi er erfarne fagfolk
med god kjennskap
til lokalmiljøet og
kundene våre.

Med Optimera i ryggen
sikker vi riktig varesortiment
og tilgang til et bredt utvalg
av leverandører.

LOKALT

MED BYGGEVARER FRA OPTIMERA

VELKOMMEN TIL FOLKEFEST I SULDAL!

RYFYLKE DAGANE

28. mai til 1. juni

Få med deg årets folkefest med konsertar, aktivitetar og marknadsdag på Sand i Suldal.



Scann for
heile programmet



FREDAG 30. MAI

09.00 - 18.00 Langope i butikkane

10.00–16.00 Ope på Nesasjøhuset: Kva amerikakista gøymde – *Ryfylkemuseet*

18.00–01.00 Pøbbkveld og Matskattar frå Suldal. Matservering fram til 21. Pøbbkveld til 01.00 – 20 års aldersgrense. – *Ryfylke Fjordhotell*

18.00 Gratis sommarfest i Suldalshallen for born! Sommaraktivitetar inne og ute. Sommarvibber med grillmat og kiosksal

18.00–20.00 1 - 4 trinn

20.00–22.00 5 - 7 trinn

– *Suldal Bad*

20.00–22.00 Tre menn og en bobil
Med Hans Morten Hansen, Arvid Mæland, og Harald Eide Ellingsen. Billetter kjøper du hjå Kulturhuset i Suldal, eller på suldal.kulturhus.no. – *Kulturhuset i Suldal*

LAURDAG 31. MAI

10.00–17.00 Ryfylkedagane marknadsdag! Opne butikkar, marknad med boder og utstillarar, smaksprøver, leiker og underhaldning. – *Handelsstanden*

10.00 – 16.00 Frukost tv med TV-Haugaland – *TV Haugaland*

10.00–17.00 Barneunderhaldning utanfor Suldal hotell. Rodeo, hoppeslott, og andre aktivitetar – *Handelsstanden med sponsorar*

11.00 – 12.00 Opning av Ryfylkedagane med korps og internasjonal parade. Paraden starter med Kulturhuset ned vegen via kyrkja. Offisiell opning på Torjå. Konferansier for dagen er Odd Rune Malerbakken. – *Introttenesta, Ryfylkemuseet og korps*

12.30 Show! Klovnen Knut og Cirkus akrobatikk – *Handelsstanden med sponsorar*

13.00 Triksekonkurranse ved Suldal hotell – *Sparebanken Norge*

13.00 Åpning kunstutstilling med verk av Øystein Haga – *Kunstlaget*

14.30–15.30 Andaløpet med konferansier Odd Rune Malerbakken. Møt opp og heia endene i mål! Hugs du må vera til stades med loddet ditt for å vinna. 1. premie på 25.000 kr som må nyttast same dag. – *Suldal Røde kors*

15.30 – 16.30 Artister og underhaldning på Torjå! Trommegruppa, trubadur mm – *Handelsstanden*

20.00 Ryfylkefest på Suldal kulturhus
DJ Stueland sørger for god stemning både før og etter The Raising Steins! DRØS og Sjøhuset Sand står for serveringa. Billetter kjøper du hjå Kulturhuset i Suldal – *Suldal Kulturhus*

22.00–01.00 The Rasing Steins spelar til fest og dans! Billetter kjøper du hjå Kulturhuset i Suldal – *Suldal kulturhus*

SØNDAG 01. JUNI

12.00–17.00 Grilldag på Nesflaten – *Øvre Suldal Samfunnshus*.

12.00 Opning med sal av lappar, is, kaffi og brus, konkurransar for store og små.

12.30–15.30 Sal av grillmat

14.00 Familieunderhaldning med Klovnen Knut

14.45 Loppemarknad og underhaldning for store og små born.

15.30 Stor auksjon med Nesflaten sin egen auksjonarius Reidar Sandal.

Vaksne kr. 300. Barn frå skulepliktig alder kr. 100,-



Atterhald om endringar

Ny utstilling

Kva amerikakista gøymde



Utvandring frå Ryfylke på 1800-talet

Adolf Tidemand «Utvandring»

**NESASJØHUSET
SAND I SULDAL**

Opning 28. mai kl. 18.00



Ryfylkemuseet



- Grunnarbeid på tomt og veg
- Muring
- Boring og sprenging
- Containertransport

...me finne nok ei løysing...



post@olafisketjon.no • tlf. 52 79 91 86 • www.olafisketjon.no

**EN LITT BEDRE TUR
RING 0 81 81**



Haugaland Taxi

*Unngå venting -
bestill i god tid!*



**Me bringer deg trygt til og frå
Ryfylkedagane med våre
hyggelege sjåførar!**

Ring 0 81 81 for bestilling!

**Bestill gjerne taxi i forkant
og gjerne fleire i lag**





Sliter du med internett, wifi eller TV?

Opplever du utfordringer med å koble deg til internett?
Oppfører TV-en seg rart?
Eller gjør teknologien hjemme deg frustrert?

Med tjenesten Nettopp fikser vi det for deg!

Les mer og bestill hjelp hjem til deg på:

hkraft.no/nettopp

eller ring oss på tlf. 987 05 270



Nettopp

Vi kobler deg på mens du kobler av!

| Rubrikk


Arbeid utføres

Bygging av terrasse,
vasking og måling av hus
til fast pris.

Ta kontakt med Lars
Steinbru, tlf 995 49 458.

Få med deg siste nytt!

Vil du ha siste
suldalsnytt når det skjer,
må du lasta ned
appen vår og skru på
varslinger



SERVICE

OPTIKAR

Besøk oss for en trygg og
god synsundersøkelse

interoptik
Hedegaard

Skulegt. 6 - 4201 Sauda
Telefon: 52 78 39 77

MALING/OPPUSSING**ARBEID
UTFØRES**

- Sparkling, maling og vasking av hus, inne og ute
- Reingjering av tak og takrenner
- Hagejobbar m.m.

Linus Company
Tlf. 405 96 755

RENOVASJON

- Containerutleige for alle typer avfall 660 ltr. - 35 m³
- Grustransport
- Kraning

**Suldal
Renovasjon as**

GÅSAVIKJA 17, 4230 SAND
Mob.Bengt: 916 29 730
E-post: post@suldalrenovasjon.no
www.suldalrenovasjon.no

**ALT INNEN INNVEDIG
OG UTVENDIG MALING**

- Selger og legger tapet og gulvbelegg

Utleie strippemaskin
til fjerning av gamle
tepper og belegg



Kontakt:
Sigita, tlf. 473 33 835
Tore, tlf. 978 20 313
hagenmalergulvservice13@gmail.com

RØYRLEGGJAR

**Ryfylke
Ør a/s**

Gåsavikja 9
4230 Sand
post@ryfylkeror.no
Mob. 46 81 48 09

VVS EKSPERTEN

GRAVFERD

BTB Sauda og Suldal
begravelsesbyrå

Kunnskap
og kvalitet

Vaktttelefon 24t: 901 05 247

Leiv Trevland: 404 06 315
Kjell Frode Lie: 907 83 797

VIRKE GRAVFERD www.btbegravelse.no

ELEKTRO/MEKANISK

Ta kontakt med ein av
våre lokale elektrikarar!

Tlf 52 76 60 00 • 466 24 449
www.helgevold.com

HELGEVOLD

BLIKKENSLAGAR

SBT

Sauda Blikk & Takservice

- Blikkenslagerarbeid
- Pipehattar
- Tekking tak/terrassar
- Grøvik takrenner

Tlf. 982 96 797
post@saudablikk.no



SULDAL VVS

- din lokale røyrleggjar i Suldal!

Kontakt oss på
• 481 00 421
• post@suldalvvs.no

UIDEN - LOKALE FAGFOLK

REKNESKAP

- Rekneskap
- Rådgiving
- Løn
- Fakturering

Du kan rekne med oss

Suldal Økonomi & Rådgiving AS

Tlf: 465 37 520
post@suldalokonomi.no
suldalokonomi.no

BYGG OG ANLEGG

Byggefirma Øyvind Kjetilstad

- Nybygg
- Påbygg
- Rehabilitering
- Reparasjonar
- Hytter



Mob. 90 77 50 27
4237 Suldalsosen

NORGESHUS
KV Bygg Suldal AS

Me kan byggja huset eller hytta di!
Kom innom oss på Garaneset,
så tek me ein prat!

Tlf. 52 79 06 30
firmapost@kv-bygg.no
www.kv-bygg.no

- TRELAST
- BYGGEVARER
- NYBYGG
- REHABILITERING

HEBNES TRE AS

Hebnes, 4235 Hebnes,
Tel: 52 79 56 33, Fax: 52 79 56 77
firmapost@hebnesttre.no
www.hebnesttre.no



BYGG AS

Tlf. 90070814
Epost: tor@lhbyggas.no
www.LH Byggas.no

VÅRE TENESTER

- Tømrar
- Graving
- Skogsarbeid
- Utleige personell/maskinar
- Sjølvbetjent utsal frå lager ved Coop Prix/Joker - Suldalsosen
- Vaktmeister
- Transport
- Anna

tlf. 400 00 159

SULDAL SERVICE
suldalservice.no

XL BYGG RYFYLKE

Me leverer der du ønsker!

Alt til ditt prosjekt!

Hjelmeland, tlf. 51 74 11 00
post@xlbyggryfylke.no

SULDAL Hyttebygg

- Hytter
- Tomter
- Hus
- Rehabilitering

Tlf. 52 79 63 00
post@suldal-hyttebygg.no
www.suldal-hyttebygg.no

GRAVING/TRANSPORT

PER KVÆSTAD AS

4230 Sand
GRAVING - TRANSPORT
Tlf. 900 34 137



GRAVING OG TRANSPORT

John Ørjan Tveit

☎ 41 42 40 73

john.orjan.tveit@gmail.com



Brødrene Selvik

Graving og betongarbeid, grus og massar

Tlf 52 78 54 00 - www.brselvik.no

- Grunnarbeid på tomt og veg
- Boring og sprenging
- Containertransport

Ta kontakt - me finne nok ei løysing!



Ola Fisketjøn AS
4237 Suldalsosen
Tlf. 52 79 91 86
www.olafisketjon.no
post@olafisketjon.no

ETABL 1957

➔ GRAVING ➔ BORING ➔ SPRENGING ➔ TRANSPORT

Kan òg hjelpa med:
- Flytting med maskinsemi
- Hoppetusse, frå 70 til 500 kg
- Utleige av kompressor og boreutstyr

Klungtveit Maskin AS

4230 Sand, tlf. 98 23 51 42
sigve@klungtveitmaskin.no

BILVERKSTAD

M E C A

Suldal Billag Service AS

- EU-kontroll og service
- Reparasjonar
- AC service • Dekk/hjul
- PERSONBIL, LASTEBIL OG BOBIL

Tlf. 52 79 45 02 - Suldalsosen



Skade på bilen?
Me faksarer og reparerer!

SULDAL BILLAKKERING
post@suldal-billakkering.no
tlf. 99 55 77 99

Kjempeutval i nye og brukte deler

RAGN SELLS
Autopart

Åpent: Man.-fre. 08-16
5585 SANDEID - Tlf. 52 76 66 50
san@rsautopart.no

Mekonomen Bilverksted

- ➔ EU-kontroll?
- ➔ Reparasjonar eller service?

Kom til oss med bilen din!

Ryfylke Autosenter AS
Garaneset, 4230 SAND
Tlf. 52 79 74 45

VARMEPUMPE

VARMEPUMPE-LEVERANDØR I RYFYLKE

Salg, service og montasje
10 års erfaring

VESTBØ INNEKLIMA

tlf. 905 21 675
post@vestbo-inneklima.no

REINHALD/VAKTMEISTER

Leverandør av alle typer renholdstjenester

TA KONTAKT PÅ

Tlf. 400 36 006
Mobil 954 63 421
e-post: eva@effektivt-renhold.no
for nærmere informasjon

EFFEKTIVT RENHOLD

BETONGARBEID

- BETONGARBEID
- FORSKALING
- STØYP



Jansen Betong a.s.

4130 Hjelmeland
Tlf. 909 21 446

MEDIE/KOMMUNIKASJON

- Grafiske tenester
- Laminering
- Sal av bilete
- Gravferdsprogram
- Passfoto
- Språkvask

Suldalsposten

Tlf. 40 20 42 42
annonse@suldalsposten.no

Ønskjer du å annonsera her?

Ring 40 20 42 42 eller send e-post
til annonse@suldalsposten.no

INNSENDT

Lesarbrev

Håland–eit smykke fleire skal fått oppleve

Takk for eit varmt og engasjert innlegg om Håland i Suldalsposten den 16. mai. Det gler oss i Ryfylkemuseet å sjå at tunet framleis rører ved folk– og at fleire ønskjer å oppleve denne kulturperla.

Råka av vassskade

Diverre har det vore lite publikumsaktivitet på Håland i åra etter pandemien. Våningshuset har vorte råka av vassskade i to omgangar, noko som har medført eit større restaureringsarbeid over fleire år. Dette har gjort det vanskeleg å nytta huset til arrangement og formidling, slik me gjerne skulle gjort.

Gode hjelparar i Erfjord bygdekvinnelag

I fjor fekk me på plass ei ny toalett-løysing, og det vart invitert til opne dagar, songkveld og omvisingar. Me er glade og stolte over samarbeidet med lokale omvisarar og andre eldsjeler– og ikkje minst med Erfjord bygdekvinnelag, som både i fjor og i år har hjulpet til med vask og som arrangerer songkveld og skapar liv i dei gamle stovene.

Skal vera ein levande stad

Det er viktig for oss å ta vare på tunet. Same dag som bygdekvinnelaget opna dørene til songkveld, var alle tilsette ved Ryfylkemuseet på Håland for den årlege våronna. Me rydda og vaska i krokane og såg over bevaringstilstanden for stort og smått. Ute vart husa skrapa og klargjorde for måling, hagen vart stelt, og benkene kom på plass for sesongen.

Slike dagar er også eit høve til å evaluera arbeidet vårt og leggja planar for framtida. Ryfylkemuseet er opptekne av at Håland framleis skal vera ein levande stad. Det vil bli arrangert opne dagar også i år, og det er som alltid mogleg å ta kontakt med museet for å arrangera omvising eller anna besøk.

Jobbar med nye løysingar

Samstundes jobbar me for å finna nye



Målarstova på Håland. Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto.

løysingar slik at tunet kan takast i bruk oftare og på fleire måtar. Innspel som det førnemnde lesarinnlegget inspirerer oss i dette arbeidet. Me deler lengten etter å opna dørene til husa og historia for fleire i åra som kjem.

Marie Bønløkke Missuno

Avdelingsleiar forskning og formidling på Ryfylkemuseet



Bestestova på Håland.

Trua og tilliten er retta opp att

Fungerande ordførar Torbjørn Indrebø gav eit godt og positivt svar på innlegget frå meg og Vinjar Pensjonistlag om Suldal kommune og Nedre Suldal Sanitetsforening sin leigeavtale i pensjonistlaget sitt bygg, den gamle banken. Indrebø lovar at feilen som er gjort ved å kutta denne avtalen, skal bli retta opp att. Det seier vi hjartans takk for. Trua på og tilliten til suldalspolitikarane er med det retta opp att.

Ingvar Olimstad
Vinjar Pensjonistlag



Ingvar Olimstad er nøgd med svaret frå fungerande ordførar, Torbjørn Indrebø. Arkivfoto: Maria Klungveit

Lesarbrev

Rapport frå framlegging av rapport

Uklarhet om starttidspunkt, gjorde sitt til at det blei ein sein (og litt flau) entrè av underteikna jelsabu på Kulturhuset til Norconsult sin presentasjon av førebels rapport for barnehage- og skulebruksplan

Eg blei møtt med stive og alvorlige blikk frå ein glissen sal. Berre frå halvøybuen på rada framfor meg, kunne eg sjå antydning til smil.

Dystert bilete

Det skulle ikkje mange slides til for å dysse meg inn i same Alvoret som storparten av forsamlinga. Her fekk me teikna eit dystert bilete av stoda i kommunen, som visstnok er gjeldande allereie no, men som ikkje minst skal kome inn over oss som ei mørk sky i framtida, skal ein tru dei som har gudegåva å sjå inn i glaskula. Pessimismen virka kjent, og eg kom fram til at det var flashback frå grendemøtet ein månad tilbake i tid. Også der var agendaen å rista ut av oss tanken om at me kan halda fram som i dag. Kommunen er klare på at dei styrer i

retning av avvikling, ei mykje enklare øving enn utvikling viser det seg.

Via Google Maps

Med ei irriterande behageleg bergensdialekt, presenterte konsulentten på scena iskalde fakta, kart, tal og statistikk. Maksimal, median og sikkert minimal reiseveg til skulane var med frå alle tenkelege stader i kommunen, til og med stader eg ikkje visste fanst. Korleis reisevegen er blitt berekna frå Nevøy og Lovraneset, var det ingen i salen som turte å spørja om. Til slutt kom det i det minste fram at konsulentten sjølv ikkje hadde køyrt desse rutene, men at Google Maps var løysinga. Betryggande å vita.

Risikoen skal reknast ut seinare

Det som derimot er betryggande å vite, er at risikoen ved køyring på ulike vegstrekingar skal reknast ut på eit seinare tidspunkt, antakelig med ein avansert formel og inn i rapporten. Men allereie no, kunne konsulentten visa til at vegen mellom

Nes og Vinjar ikkje hadde vore stengt siste året, og at dette kan gi grønt lys for permanent skuleveg. Endeleg ei viss optimisme å spora der altså.

Kjende trugsmål

Etter nemnde grendamøte på Jelsa, hadde eg førebudd meg på innovative skuleløysingar i rapporten - robotar, science-fiction, flyttbare lærarar - og det som verre er. I staden var forslaga frå konsulentten god, gammaldags nedlegging og flytting av skular. Kjende trugslar som kjem oftare enn olympiske leikar. Og her mangla ikkje på alternativ - heile 13 stykk - ei skikkeleg heilgardering. Reknar med at kommuneleiinga gler seg over ei så handfast og enkel tilråding.

Det som ikkje blei snakka så høgt om

Konsulentten trekte likevel fram eit forslag som det beste. Etablering av tre nye oppvekstsenter, på Vinjar, i Kjølvik og på Stølane er visstnok medisinen for skule-Suldal. Det var ikkje måte på lovord om oppvekstsenter -



Sveinung Nessa, Jelsa

der finst synergieffektar, breie fagmiljø og sikkert mykje anna ein kan laga fine ord av. At dette forslaget inneber å leggja ned to oppvekstsenter, på Jelsa og Nes, blei det derimot ikkje snakka så høgt om.

Folkemøtet vart avslutta med innspel og spørsmål frå salen, og me klarte berre nesten det som ikkje konsulentten klarte - nemleg å halda tids-skjema. Me ser fram til fortsettelsen.

Sveinung Nessa, Jelsa

EU-medlemskap er ikkje svaret på uroa i verda

I vår lanserte Trump toll på varer frå mange land i verda. Skremselspropagandaen florerte.

Fleire hevda at Noreg ville få høg toll på våre varer til USA, og i tillegg kunne me få toll på varene våre til EU.

Trump og toll

Eit såkalla mottiltak ville kunne ramma norske varer, sa leiande politikarar i Ap, Høgre og Venstre. Både dobbel- og trippeltoll var det snakk om. USA har enorme handelsunderskot og Trump trur at toll vil styrka næringar i USA, og at næringar vil koma tilbake til USA igjen. I tillegg har USA bidratt med mest pengar, folk og våpen til NATO. Gjennom toll vil Trump blant anna leggja press på Europa til å bidra meir.



Stortingsrepresentant for Senterpartiet og frå Rogaland, sit i i Energi og miljø-komiteen. Foto: Nora Bogetvedt Jenssen.

Ein god grunn til å halda seg utanfor EU

Europeiske land som er medlem i EU bidreg berre med 20 prosent av finansieringa av NATO. Land som USA, Canada, Storbritannia og Noreg, alle utanfor EU, bidreg med 80 prosent. Dette er ikkje Trump særleg imponert

over. Han uttrykker sterk misnøye med EU. Det gjekk kort tid før tollen blei pausa. Før den tid lanserte Trump toll på norske varer på 10 prosent, og varer frå EU fekk heile 15 prosent. Altså ein god grunn allereie der til å halda seg utanfor EU.

Så mykje for å skremma oss inn i EU

Spesielt for Rogaland og Ryfylke som eksporterer mykje varer. Korleis gjekk det med mottiltaket frå EU? Blei det toll på norske varer til EU? Leiande politikarar i Ap reiste i hopetal ned til Brussel for å ha møte med diverse aktørar i EU. Sjefen sjølv, Støre, fekk til slutt eit møte med toppsjefen i EU, Ursula von der Leyen. Svaret på skremselspropagandaen kom kjapt

og konsist: «Noreg er og vil forbli i den indre marknaden». Så mykje for å skremma oss inn i EU.

Sjå til Storbritannia

Me har det fint her me står. Heller burde me sjå til Storbritannia. Landet braut med EU, og er nå blitt ein leiande nasjon. Statsminister Starmer var ein av dei første som fekk audiens hos Trump. Starmer har leia delegasjonar i arbeidet med fred i Ukraina, og dei leverer i NATO. Til liks som Noreg fekk dei toll til USA på 10 prosent. Det løner seg å stå på utsida av EU.

Lisa Marie Ness Klungland

Stortingsrepresentant for Senterpartiet og frå Rogaland, sit i i Energi og miljø-komiteen.

Billigere mat vil hjelpe folk



Geir Pollestad, stortingsrepresentant for Senterpartiet. Foto: Ragne B. Lysaker

Mange har kjent på virkningene av økte priser de seneste årene. Ikke minst på mat.

Det vil Senterpartiet gjøre noe med og foreslår derfor å redusere matmomsen fra 15 til 10 prosent i forhandlingene om revidert budsjett.

Dette har mange fordeler:

Lavere matpriser for forbrukerne, En reduksjon i matmomsen vil gjøre dagligvarer billigere og dermed gi folk mer igjen for pengene.

God sosial profil

Mat er noe alle må ha. Lavere moms på mat er derfor aller viktigst for dem med lav inntekt, som bruker en større

andel av pengene sine på mat.

Matproduksjon og dagligvarehandel

Redusert matmoms vil bidra til økt etterspørsel etter matvarer, som igjen kan gi høyere omsetning i norsk dagligvarehandel og styrke markedet for norskproduserte matvarer.

Bedre konkurranse mot grensehandel

Lavere matmoms vil gjøre det mindre lønnsomt å handle mat i utlandet, noe som styrker norsk handel og reduserer pengene som forsvinner ut av landet.

Inflasjonsdempende tiltak

I perioder med høy prisvekst og stram økonomi for folk flest, vil lavere matmoms kunne bidra til å dempe inflasjonen og øke kjøpekraften. Senterpartiets mål er en matpolitikk der bonden får bedre betalt for varene og kundene billigere mat.

Geir Pollestad

Parlamentarisk nestleder for Senterpartiet og stortingsrepresentant fro Rogaland

INNSENDT

| Omtale

Inviterer til kyrkjejubileum med godt, gammaldags stemne på Furutangen

Kristi Himmelfartsdag er heile Ryfylke invitert til Randøy og Furutangen for å feira 900 år med kyrkjeliv.

Nora Bogetvedt Jenssen

I ei pressemelding seier prost Sigrud Sigmundstad at dei ønskjer å gjenskapa Kristi Himmelfart-stemnet frå gamle dagar.

900-årsjubileet for kyrkja

Arrangementet er ein del av 900-årsjubileet for kyrkja i Rogaland. Før i tida blei stemna arrangerte rundt om i heile Ryfylke, og dei var populære samlingspunkt. Sigmundstad har, saman med gode samarbeidspartnarar, sett saman programmet for dagen.

Både gudsteneste og misjonsmøte
Seglskuta Brødrene af Sand legg til

kai, og det blir både gudsteneste og misjonsmøte ved NMS, der Bjørg Tysdal Moe skal tala. Sigmundstad skriv at håpet er å fylla både hovudsalen og teltet utanfor under gudstenesta, der Hjelmeland kyrkjekor blir sentrale.

– Eg gler meg til prosesjonen, den skal ha litt historisk sus med blant anna bruk av gamle prestekjolar. Der går også representantar frå kyrkjelydane i prostiet, skriv Sigmundstad.

Gudstenestelivet i gamle dagar

Etter gudstenesta blir det historiske glimt frå gudstenestelivet i gamle dagar, der det kunne vera både uro og krangel, og det er det Hjelmeland teaterlag som serverer. Men det skal ikkje berre handla om gudsteneste og møte. Utomhus blir det rigga til misjonstivoli med både hoppeslott og aktivitetssløype, geiter og kje. Og ingen treng å reisa svoltne heim, det blir sal av enkel middag og is til barna.



Anne Marie Bergman, Thea Nising Vatland og Gry Fagerland Sjursen frå Hjelmeland teaterlag prøver å finna riktige kostyme til fremføringa. Foto: Innsendt

| Referat

Kom mai du skjønnne milde, og det gjorde den

Me samla oss til treff ein flott dag i mai. Leiar Torbjørn Erøy ønska alle velkommen og spesielt Kåre Erfjord som runda 90 år denne dagen.

Overrasking frå barnehagen

Overraskinga til jubilaranten var at ei gruppe frå Stølane barnehage marsjerte inn med flagg og song både bursdags-song og fleire vårsanger til oss. Berre blide ansikt å sjå, både ungar og me eldre gleda oss over det kjekke besøket. Ein stor takk til barnehagen, håpar me får fleire besøk.

Lapskaus på menyen

Me serverte lapskaus og flatbrød, og borda var pynta i raudt, kvitt og blått. Etter ein god matpause, fekk Roar Obrestad ordet. Han las mange gode stubbar og forteljingar for oss, og, låtten sat laust rundt borda. Takk til Roar, som stilte på kort varsel.

Allsong, gitarspel og åresal

Då var det tid for kaffi og kake. Det blei god stemning med allsong og gitarspel, leia av Anny Skaar Myrvang. Takk til Anny. Siste post på programmet er som alltid åresal med ulike slag gevinstar. Torbjørn orienterte litt om turen til Kvitsøy den 4. juni og takka for frammøte.

Torunn Hetlelid

Pensjonistforbundet Erfjord



Barn frå Stølane barnehage marsjerte inn med flagg og song bursdags-songen til Kåre Erfjord som blei 90 år denne dagen. Foto: Torunn Hetlelid



Redaktør:
Esther Moe
Tlf. 970 51 122
esther@suldalsposten.no



Journalist:
Nora Bogetvedt Jenssen
Tlf. 970 51 125
nora@suldalsposten.no



Journalist:
Oda Rørstad Torbjørnsen
Tlf. 903 65 848
oda@suldalsposten.no



Grafisk formgjevar/marknad:
Nora Olsen
Tlf. 934 37 818
nora@suldalsposten.no



Dagleg leiar:
Siri Førlund
Tlf. 952 86 814
siri@suldalsposten.no

| Omtale

«Kva amerikakista gøymde», ny utstilling på Ryfylkemuseet



Kjenner du det at du ikkje får plass til alt du gjerne ville hatt med i kofferten? Kanskje var det den fine sommarmjøla du ville hatt med på reisa til Syden, ei ekstra bok til helga på hytta, eller hovudputa som hadde vore god å ha på den lange flyturen. Men tenk no om du aldri skulle koma heim att. Kva ville du då ha tatt med deg?

200 år sidan den første organiserte utvandringa
I år er det 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg, og frå Ryfylke, til Amerika. Ryfylkemuseet markerer jubileet med utstillinga «Kva amerikakista gøymde: Utvandring frå Ryfylke på 1800-talet.»

I hundreåret etter at «Restauration» førte dei første utvandarane over Atlanteren, følgde mange andre etter—med kiste eller koffert i hand, fullpakka med det aller mest naudsynte, og med ei von og ein draum om eit nytt liv i ei ny og framand verd. Over there vart innhaldet i kofferten den siste fysiske forbindelsen til heimlandet: Klede sydd av mor, huspostillen til far, verktøy nytta på garden heime.

Løftar fram menneska bak historia

Alt dette og meir kan du få møta i utstillinga på Nesasjøhuset. «Kva amerikakista gøymde» løftar fram menneska bak utvandringshistoria, med særleg fokus på tekstil og draktkultur. Gjennom klede, handverk og personlege gjenstandar gir ho eit innblikk i identitet

og kvardagsliv dei forlét i møtet med ei ny verd.

Migrasjon før og no

Utstillinga minner oss om at migrasjon ikkje berre er tal og overskrifter. Det handlar om menneske, om val, og om det som betyr noko—om kva ein tek med seg når ein må forlata alt.

Der nordmenn før utvandra til Amerika, kjem det i dag mange tusen flyktningar og migrantar til Europa—nokre til Noreg—for å finna fridom, tryggleik og betre moglegheiter her. På livsfarlege reiser over Middelhavet, på flukt frå krig, svolt, fattigdom eller klimakatastrofar, pakkar dei det dei klarar å bera.

Kva ville du pakka?

I ei tid der migrasjon framleis pregar verda, kan utstillinga minna oss på at også me ein gong var dei som reiste.

«Kva amerikakista gøymde» er ei utstilling om det som var, om røter, reiser og om det som formar identiteten vår. Mellom filler og finstas, kvardagsgjenstandar og livsval, ligg historia om det å mista, bera, og byrja på nytt.

Kva ville du pakka, om du aldri skulle koma heim att?

Marie Bønløkke Missuno
Ryfylkemuseet

| Gratulerer

**10 ÅR**

Hipp, hurra for Liva Skrunes Nielsen som fyller 9 år 29. mai.

Gratulasjonar frå tante, onkel, Elvin og Vårin, mormor og morfar.

| Dødsannonse



Vår inderleg kjære
son og bror

**Gudmund
Obrestad**

fødd 20. februar 1978

døydd brått

og uventa frå oss,

Kristiansand, 16. mai 2025

Tone - Roar

**Jan
Ingeborg**

**Familien elles
Vener**

Gravferd frå Erfjord kyrkje
tysdag 3. juni kl. 13.00

Like kjærte som blommar er ei
gåve til Kirkens Bymisjon.
Bankkonto 7011.05.18593 /
Vipps 2101

Merk: «Minnegave,
Gudmund Obrestad»

Ver venleg, ingen
kondolanse ved grava.

GRATIS ABONNEMENT

til deg frå Suldal kommune

Registrer deg enkelt på suldalsposten.no
eller kontakt oss på
abonnement@suldalsposten.no

Student? Militær? Lærling?



Hanna Maria Van Zijp trivst på heia, men ho anbefaler også ein båttur på Sandsfjorden for å finna seg eit svaberg eller ein fin vik å bada i. Foto: Privat

Ein dag på tippen er ein god dag, ifølgje denne vekas søndagsgjest. Ho er glad i softis med jordbærstrøssel, men blir endå meir glad når tanteungane ringer og vil komma på besøk.

Hanna Maria van Zijp på ein søndag

» Kva driv du på med/er opptatt av for tida?

– Det er så mange ting som skjer for tida, og det er himla travelt på jobb. Men eg er opptatt av fascismens inntog i samfunnet, ulovlege deportasjonar i USA og politisk styring av samfunnsinstitusjonar som ikkje bør styrast politisk. Og då tenkjer eg på presse, akademia og domstolar. Og så er eg sjølv sagt veldig opptatt av nye faguttrykk som gjeld tak på sveitserhus, nå når eg får ordna på mitt eige.

» Korleis ser denne helga ut?

– Eg skal på ein fotojobb. Så må eg på tippen ein tur, og eg må også skaffa meg linoljemåling til huset. Og det blir også ein familiemiddag.

» Kva er digg helgemat for deg?

– Digg helgemat er alt etter kva eg har råd til. Med normal inflasjon, er sushi ein klar favoritt, og sjølv sagt alt det bror min (Kaspar Nilsen, journ. anm) serverer.

» Kva er favorittsnopet ditt?

– Det er sesongbasert, men nå er me jo straks i høg-sesongen for soft-is. Den må ha godt med jordbærstrøssel, og då meiner eg det ikkje er innafor å strøya på med teskjei. Isen må dunkast godt ned i strøsselet!

» Kan du avsløra gledar du skjemmest litt over?

– Ikkje jordbærstrøsselet, men tippen på Garaneset. Det er ein fin plass. Alltid topp stemning og kjensla av å setja vekk brukte målingsspann på rett stad og å slå av ein prat med andre i same ærend, det er så bra. Folk er superhjelpsomme der, eg meiner at ein dag på tippen er ein god dag. Trikset er å ikkje komma heim med meir enn det ein kjem for å kvitta seg med. Ein må gå i null.

» Nemn noko/ eller nokon som sist gjorde deg glad?

– Eg er tante til to her på Sand, og dei ringjer meg

rett som det er og spør om å få komma på besøk. Då vil dei spela badminton og handla laurdags-snop. Eg blir alltid glad av dei.

» Og kva kan gjera deg irritert?

– Eg kan bli irritert på meg sjølv fordi eg er så distré. Men for tida er det noko anna som også irriterer meg. Eg møter ofte på ei oppfatning av at kunstig intelligens kan erstatta menneskeleg intelligens. Det kan den ikkje, og me må framleis lesa redaktørstyrte medium og bøker, det er viktig at det er nokre vaksne på jobb framover.

» Ditt beste barndomsminne?

– Når eg seier dette, høyrer det ut som eg er 150 år, men eg hadde barndommen min på 90-talet, altså. Eg hugsar med glede tilbake på iveren etter å springa rundt i Gata på Sand med nabogjengen og notera side opp og ned med bilnummer i ei lita notisbok.

» Siste kulturoppleving?

– Eg var på Sauda Smelting på Alfred her om dagen. Det er sponsa av næringslivet i Sauda, og ein kan komma innom for ein drøs. Eg har vore der fleire gonger, men aldri treft på nokon frå Suldal. Eg kan anbefala alle å ta turen dit, dei har plass til fleire.

» Kven ville du invitert til Kulturhuset og kvifor?

– Kulturhuset er ein fantastisk arena. Nå har jo Taylor Swift vore på turné rundt om i alle dei store byane i verda. Kanskje på tide med ein turné i Bygde-Norge? Her er heilt klart ein marknad for det, og me har mykje å bjuda på som dei ikkje har i storbyar, som til dømes Sydney.

» Har du ein film, musikk, bok, serie eller noko å anbefala til ein lat søndag?

– Operasjon sjølvdisiplin av Agnes Ravatn har eg lese

fleire gonger, den kan eg anbefala. Sidan det er søndag, så er jo bibelen også eit godt val, og heilt på tampen vil eg anbefala Noregs lover og lova om heilagdag og heilagdagfred. Det er berre eit tips, he, he.

» Turtips til ein søndag, kort eller lang?

– Ein båttur på Sandsfjorden for å finna seg ei fin vik, eller eit svaberg å bada frå. Ein glitrande Sandsfjord, er det ingenting som slår.

» Kor likar du best å feriera?

– Eg har vore litt bakpå med feriering, og nå skiftar eg jo tak, så det blir nok ikkje så langt på meg denne sommaren. Men eg kan anbefala både Stockholm og Wien som kjekke feriebyar.

» Kven i Suldal fortener litt ros på tampen av veka og kvifor?

– Det er så mange flinke og engasjerte fagfolk og frivillige. Denne gongen vil eg gi ros til reinhaldspersonalet i Suldal kommune som gjer ein formidabel jobb. Det er gullande reint i alle kommunale bygg, dei gjer ein kjempejobb!

Me har innført eit nytt spørsmål for å avlasta redaksjonsfantasien:

» Kven har du lyst til å lesa om neste søndag og kvifor?

– Ellen Johanne Brommeland, som både er bonde og helsefagarbeidar. Eg er spent på kva ho er opptatt av akkurat nå.

Tekst: Nora Bogetvedt Jenssen